



Bente Nilsen: Ca 15% av flaskepanten går til til Aktivitetshuset og det skal kundane ha takk for! (Foto: Ola Matti Mathisen).

Innsamlinga på Spar Uskedalen av pantelappar til Aktivitetshuset har så langt gjeve godt over 50.000 kroner til det gode føremålet. Det tykkjer dagleg leiar Bente Nilsen er storarta og ynskjer å adressera takken vidare til kundane, som på dette viset syner vilje til å gjera noko positivt for bygda.

- I 2005 gav kundane våre pantelappar for 31.117 kroner medan dei til no i år har gjeve for 21.580 kroner. Det blir nærmare 53.000, men den samla summen er noko høgare fordi dette starta allereie i 2004. Kor mykje som då kom inn, kjenner ikkje vi til.

Det kjem i gjennomsnitt inn pantelappar for mellom 2.000 og 2.500 kroner kvar måned, opplyser Bente.

- Og kor mykje kjem inn i flaskepant i alt ved butikken?

- For å ha ein typisk gjennomsnittsmånad som april i år, kjem vi opp i 6.500 kroner. Med andre ord er det grunn til å tru at kundane gjev 15% av flaskepanten til Aktivitetshuset. Det er det grunn til å vera svært fornøgd med, tykkjer eg.

- Kven kom på denne ideen, var det du?

- Nei, vi plukka den opp på ei stor samling av butikkeigarar. Nokre av dei hadde freista opplegget tidlegare. Men kven skulle så vera mottakar i Uskedalen? Vi valde Aktivitetshuset fordi pengane då på ein måte ville komme heile bygda til gode.

- Korleis blir panten samla inn – viss nokon ikkje skulle ha merka seg det?

- Det heng ei grøn postkasse ved sidan av pantautomaten. Slepp berre lappen oppi den – så har du gjeve ein slant til eit godt føremål!

Av Ola Matti Mathisen